



KVINNHERAD
KOMMUNE



Oppvekstkår 2 - HANDLINGSDEL 2021-2026

Sektor oppvekst – Kvinnherad kommune. Sak 2020/1228

Oppvekstkår 1 - Temaplan

Oppvekstkår 2 - Handlingsdel

Oppvekstkår 3 - Organisering av barnehagar og skular

Oppvekstkår 4 - Heildagsskule

Innhald

Innleiing og utfordringsbilete	3
Tiltak for gode oppvekstkår – God omsorg	5
Kva kan barn, unge og familiar forventa i Kvinnherad kommune	5
Målsetjing og tiltak.....	5
Tiltak for gode oppvekstkår – God helse	6
Kva kan barn, unge og familiar forventa i Kvinnherad kommune	6
Målsetjingar og tiltak	6
Tiltak for gode oppvekstkår – God utdanning.....	7
Kva kan barn, unge og familiar forventa i Kvinnherad kommune	7
Målsetjing og tiltak.....	7
Tiltak for gode oppvekstkår – God fritid.....	9
Kva kan barn, unge og familiar forventa i Kvinnherad.....	9
Målsetjing og tiltak.....	9
Tiltak for gode oppvekstkår – Fullverdig liv	10
Kva kan barn, unge og familiar forventa i Kvinnherad.....	10
Målsetjing og tiltak.....	10
Tiltak for gode oppvekstkår - Vern mot overgrep.....	11
Kva kan barn, unge og familiar forventa i Kvinnherad.....	11
Målsetjing og tiltak.....	11

Innleiing og utfordringsbilete

HANDLINGSDELEN til temaplan for oppvekstkår er oppfølging av temaplanen (Sak 2020/1228 Politisk vedtak 22.10.20)

Temaplanen er grunnlaget for handlingsdelen. Den omhandlar kva som ligg i dei ulike perspektiva; god omsorg, god helse, god utdanning, god fritid, fullverdig liv og vern mot overgrep. Temaplanen har fokus på, og vurderer barn sitt beste. Dette dokumentet er basert på Temaplan for oppvekstkår og har som grunnlag barnekonvensjonen og FN sine berekraftsmål, slik kravet er til alt planarbeid som omfattar barn og unge.

Temaplan for oppvekstkår og handlingsdelen er ei side av same sak og er gjensidig avhengige av kvarandre. Planarbeidet er politisk forankra i vedtak i kommunestyret 28.11.19. (PS2019/88 Økonomiplan 2020 – 2023)

I arbeidet med temaplanen vart det avdekka forskjellar i oppvekstkår for barn og unge.

Dette både i kvalitet og omfang av tenestetilbodet.

Utfordringsbilete til Kvinnherad kommune per i dag slik det også går fram av temaplanen;

- Talet på førskulebarn og skulelevar går ned. Dette rammar dei fleste barnehagar og skular
- Kvinnherad har langt fleire skular og barnehagar enn dei kommunane som har like mange innbyggjarar. Dette skuldast ikkje berre store avstandar då mange av skulane og barnehagane ligg nære kvarandre. Samla sett er det nå 32 barnehagar og skular i kommunen. (Kommunale og private)
- Kvaliteten på tenestetilboda varierer mellom einingane. Dette syner mellom anna att i det statlege systemet for måling av kvalitet i skulane
- Formell kompetanse innafor ulike fag/område som spesialpedagogikk, digitale ferdigheter, språkfag, musikk er ikkje tilstrekkeleg i alle skulane/einingane
- Rektorar på dei små skulane opplever det utfordrande å vera åleine i leiinga
- Det er utfordrande for hjelpeapparatet å følgja opp alle einingane, og vera eit godt lag rundt borna
- Vedlikehaldet ved skular og barnehagar har vore svært lågt dei siste åra. Det er eit stort etterslep på vedlikehald
- Dei fleste skulebygga er ikkje tilpassa moderne undervisningsmetodar. Både elevar og tilsette manglar tilpassa lokale
- Fleire av barnehagane manglar kontorlokale til pedagogane og fleire har lite tilfredstillande inne og utemiljø
- Dei fleste barnehage- og skulebygg manglar universell utforming og stettar i låg grad krav til arbeids- og lærings-/leikemiljø
- Skulefritidstilbodet varierer frå skule til skule. Nokre elevar har ikkje tilbod på sin skule.
- Fleire uteområde er dårleg utstyrte og er lite tilrettelagde for leik og fysisk aktivitet
- Fleire skular manglar tilstrekkeleg formell kompetanse og klarar ikkje å rekruttera nok pedagogar. Høg prosent ufaglærte lærarar
- Fleire av skulane slit med å få god nok effekt på vidareutdanningstiltak innan basisfaga
- Det er få søkjarar til leiarstillingar
- Statlege forventningar om spesialkompetanse som skal vera knytt opp mot kvar skule er problematisk å innfri med mange einingar
- Læringsresultata ved dei ulike skulane varierer sterkt
- Sjølv om kommunen har mange skular har over 30% av barna skuleskyss. Det er få stader med gang- og sykkelstiar og fleire søker om skuleskyss grunna ekstra farleg skuleveg.

Skuleskyss grunna ekstra farleg skuleskyss er økonomisk meir kostbar enn den skuleskyssen barn har rett til etter 2 eller 4 km

- Ungdomsklubb er tilgjengeleg berre for ungdom på Husnes
- Helsestasjon for ungdom er berre tilgjengeleg for dei ungdomane som bur på Husnes
- Avlastningstilbodet til barn som treng det er ikkje tilstrekkeleg
- Mange unge uføre i kommunen samanlikna med andre. Dette kan skuldast låg satsing på førebyggjande tiltak for sårbare barn
- Staten har stadig nye forventningar til kvalitet og tenestetilbod i barnehagar og skular. Mange av desse forventningane er utfordrande å møte med få tilsette og liten spisskompetanse. Barn og unge i Kvinnherad kan få eit dårlegare tilbod enn i dei kommunane som tilpassar seg nye føringar frå staten
- Mange av byggja stettar ikkje krava om GDPR, teieplikt og personvern for barna. Byggja er ikkje lydisolerte og personsensitive telefonsamtalar, møte med eks. barnevern og samtalar med barn kan overhøyrast av andre tilsette og barn i andre rom
- Økonomiske kostnader med drifta i sektoren er høg. Dette gjeld særleg barnehage

Målsetjinga med handlingdelen er å sikra alle barn og unge i Kvinnherad likeverdige og best moglege oppvekstkår. Den skal koma med forslag til strategiar/tiltak som skal leggjast til grunn for å nå målsetjinga om gode oppvekstkår for alle.

Handlingdelen skal vera eit overordna dokument for oppvekstsektoren. Den skal på lik linje med Temaplanen, dekke spennet frå barna sine liv frå før fødsel til 24 år.

Alle som arbeider med barn og unge i Kvinnherad kommune skal kjenne dokumentet og det skal vera grunnlaget for kvalitetsutvikling og –vurdering i dei involverte einingane.

Vedteken temaplan er gjeldande fram til 2030. Handlingsdelen skal reviderast i løpet av 2026

Tiltak for gode oppvekstkår – God omsorg

Kva kan barn, unge og familiar forventa i Kvinnherad kommune

Henta frå Oppvekstkår Temaplan:

Barn og unge opplever eit trygt oppvekstmiljø med god omsorg. Dette gjeld uavhengig av kjønn, kognitive og fysiske eigenskapar, sosial, økonomisk, kulturell og språkleg bakgrunn.

Barn og unge blir behandla med respekt og har høve til å uttala seg om eigne ønskje og behov, slik at dei opplever involvering og medverknad i eige liv.

Barn og unge opplever samanheng og trygge rammer ved at overgangane mellom dei ulike systema som heim, fritid og offentlege tenester er føreseielege og gode.

Barn, unge og familiar har lett tilgang til informasjon og hjelp frå offentlege tenester. Dei opplever at det er normalt å be om hjelp og at dei får god rettleiing og støtte ved behov. Dette medfører at rett hjelp blir gitt til rett tid.

Barn og familiar opplever eit heilskapleg og effektivt tenestetilbod, prega av samordning, kontinuitet, likeverd og eit felles mål til barnet sitt beste. Barn og familiar får verksam hjelp. Prinsippa som gjeld er tidleg- og tverrfagleg innsats.

Målsetjing og tiltak

Innsats område	Tiltak	Tid
Tidleg innsats	Implementera BTI-modellen (0-24år) i høve plan Vidareføra TIBIR satsinga Evaluere pilotprosjektet "Tett på" og eventuell vidareføring av dette	2021-
Tverrfagleg samhandling	Fokus på god samhandling ved hjelp av arbeidsmetodikken i BTI Evaluera samhandlinga i organisasjonen Oppretthalda og vidareføra tilbodet om Ungdomslos Vidareutvikla oppfølginga til fosterheimar	2021 -
Kompetanse	Sikra attraktive arbeidsmiljø i framtidsetta bygg og sterke regionscenter med allsidige tilbod Rekruttera rett og nok kompetanse til alle barn gjennom å sikra praksisplass-avtalar med høgskulane, utarbeida heilskapleg stillingsannonsar (Jobb, bustad) Utarbeida kompetanseplanar for alle einingar Utarbeida gode strategiar for kompetanseheving og sikra gode arbeids- og lønsvilkår for å halde på kompetente medarbeidarar.	2021 -
Kvalitet	Sikra medverknad på individ- og systemnivå. Gjennomføra brukarundersøking av hjelpetenestene	2021 -
Foreldrestøtte	Gje tilbod om PMTO, COS, Marte Meo og ha gode gruppetilbod dei første leveåra til barna Vidareutvikla og sikra godt samarbeid med familiane	2021 -

Tiltak for gode oppvekstkår – God helse

Kva kan barn, unge og familiar forventa i Kvinnherad kommune

Henta frå Oppvekstkår temaplan;

Barn og unge har eit tilbod som fremjar god fysisk og psykisk helse.

Alle undervisningsbygg er av høgaste oppnåelege standard og stettar krav sett i Forskrift om Miljøretta helsevern.

Barnehagar og skular er frie for mobbing og krenkingar og alle barn opplever å ha vener.

Alle barn har tilbod om fritidsaktivitetar tilpassa egne evner og interesser.

Barn får god oppfølging i sårbare fasar som til dømes overgangar og ved sjukdom, kriser og anna.

Psykisk helse er likestilt med fysisk helse og er inkludert som ein likeverdig del av det lokale folkehelsearbeidet retta mot barn og unge.

Skulehelsetenesta innfrir staten sine forventa normtal.

For å sikre eit likeverdig tilbod for alle barn og unge, har alle relevante hjelpetenester eigna lokale på alle skular.

Kvinnherad kommune har tilsette som samarbeider godt rundt førebyggjande, behandlande og helsefremjande tiltak. Samarbeidet skjer inn i einingane, på tvers av einingar og sektorar.

Alle tilsette har god kjennskap til- og nyttar handlingsrettelearen Betre tverrfagleg innsats (BTI) som eit verkty for samhandling.

Målsetjingar og tiltak

Innsats område	Tiltak	Tid
Gode bygg	Byggja nye barnehage- og skulebygg som sikrar inkluderande miljø, god kompetanse, gode fasilitetar og arbeidsmiljø for barn og vaksne. Bygga må liggja i nærleiken av idrettsanlegg, gode utemiljø, og vera utforma med tanke på aktivitet og bruk etter skuletid Regulera og leggja til rette areal for fysisk aktivitet og barnehage-, skule og idrettsbygg	2022 -
Aktivitets- skapande nærmiljø	Tverrfagleg samarbeid om helsefremjande, aktivitetsskapande og inkluderande nærmiljø. Stimulere til samarbeid mellom kommune og frivillig lagsliv	2021 -
God tilgang til hjelpetenester	Innfri vedtak frå levekårsutvalet våren 2020 (2018/969 – 15) Styrking og utvikling av skulehelsetenesta i tråd med normtal og nasjonale føringar for alle elevane. Sikre tilgjengeleg lågterskeltilbod for alle barn og unge <ul style="list-style-type: none"> ○ Helsestasjon for ungdom tilgjengeleg for alle ○ Godt utbygd psykisk helse tilbod ○ Gode fysio- og ergoterapitenester ○ Lett tilgang til PP-tenester for barn og foreldre ○ Helsestasjonstilbod til alle familiar i tråd med nasjonale føringar og normtal 	2022
Svangerskaps- omsorg	Alle gravide får tilbod om svangerskapsoppfølging hos jordmor, i samarbeid med fastlege. Fødande har tilbod om følgeteneste til sjukehus.	

Tiltak for gode oppvekstkår – God utdanning

Kva kan barn, unge og familiar forventa i Kvinnherad kommune

Henta frå Oppvekstkår temaplan;

Barn lukkast i opplæring og utdanning og opplever gode overgangar.

Barn i barnehagar får utvikla seg gjennom leik og læring og skulane har ei opplæring som rustar barn for framtida.

Skulane og barnehagane er gode på tilrettelegging og tilpassing av læringstilbodet.

Alle elevar gjennomfører vidaregåande opplæring og dei opplever eit godt og inkluderande læringsmiljø fagleg og sosialt.

Barn og unge opplever å vera del av eit sosialt fellesskap.

Barnehagar og skular i Kvinnherad har fysiske miljø som stimulerer til leik, læring og utvikling. Bygga har universell-, pedagogisk- og estetisk utforming. Bygga har gode forhold i høve reinhald, luft, estetikk, utstyr, inventar og læringsmateriell. Uteområda innbyr til tryggleik, leik og aktivitet.

Det er gode relasjonar mellom barn og mellom barn og vaksne og opplæringa er prega av motivasjon, meistring, utvikling og kompetanse.

Alle barn møter kvalifiserte tilsette med høg og relevant kompetanse.

Barnehagar, skular og hjelpetenestene har sterke fagmiljø.

Barn og unge som har trong for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensiale sitt.

Alle barn og unge i Kvinnherad opplever medverknad i eige liv både i barnehage/skule og fritid.

Alle barnehagar og skular har tilstrekkelege ressursar til å dela elevane i gode undervisningsgrupper.

Målsetjing og tiltak

Innsats område	Tiltak	Tid
Likeverdig tilbod	Utgreia og vedta forslag til ny skulestruktur som sikrar elevane likeverdig tilgang på kompetanse. Alternativa må vurderast opp mot barn sitt beste og berekraftsmåla både når det gjeld sosiale-miljømessige og økonomiske omsyn.	2021
Kvalitet i barnehage, og skule	Utarbeida plan for utviklingsarbeid ved alle einingar. Delta i nasjonale kompetansehevingsprogram. Ha oversikt over kompetansmiljø og ressursar/støtte.	2022
Kompetanse	Alle som underviser i norsk, matte og engelsk har nok undervisningskompetanse innan 2025. Alle skular har tilgang til lærarspesialist i byrjaropplæring Barn og unge med rett til spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp får opplæring og støtte av spesialpedagog innan	Mål nådd 2025 Kontinuerleg arbeid
Inkludering og medverknad	Barne- og elevgrupper er av ein slik storleik at det er mogleg for alle å utvikla sosial kompetanse og venskap. Barn skal involverast og høyrast i alt som vedkjem dei. Ungdomsrådet skal ha saker som gjeld barn og unge til uttale.	Kontinuerleg Arbeid 2021 2021

Lokal natur- og kultur-historie	I Kulturminneplanen skal det utarbeidast ein oversikt over dei lokale kulturtilboda som alle barn i kommunen skal få kunnskap om barnehage- og skuletida. Sektor oppvekst skal utarbeida undervisningsopplegg.	Oppstart 2021
Lokalt næringsliv	Barnehagar og skular må ha oversikt over næringar i lokalsamfunnet og knyte desse til tema- i undervisninga. Alle elvar skal i løpet av skuletida delta i opplegg saman med Ungt entrepenørskap	Oppstart 2022
Samarbeid med lokalt næringsliv	Alle barn skal i løpet av barnehage- og skuletida delta i prosjekt/modular i Newton-rom. Modular dei møter skal vera relatert til naturen og næringslivet i kommunen. Kompetansen dei får skal vera relevant for arbeids- og næringsliv i kommunen vår.	Oppstart 2021

Tiltak for gode oppvekstkår – God fritid

Kva kan barn, unge og familiar forventa i Kvinnherad

Henta frå Oppvekstkår temaplan;

Alle elevar 1.-4. trinn har tilgang til eit SFO-tilbod av høg kvalitet i tråd med nasjonale føringar og Kvinnherad kommune sin plan for SFO.

Det er mogleg for alle barn og unge å delta i fritidsaktivitetar, ha ein meningsfull kvardag og ha ein arena dei er velkomne til å delta i utan å være inviterte.

Det er gode og varierte møteplassar og tilbod til ungdom i heile kommunen. Tilboda er knytte opp mot ungdomsskulane, og det er dei same vaksne som møter ungdomane på alle arena.

Alle skal kunna delta i fritidsaktivitetar tilpassa evner og funksjon. Dei som har særskilde behov får støttekontaktar som kan hjelpe dei i aktivitetane.

Målsetjing og tiltak

Innsats område	Tiltak	Tid
Aktiv og meningsfull fritid for barn og unge	Utarbeida kultur- og fritidsplan for barn og unge	Oppstart 2022
	Sikra vidare samarbeid mellom det kommunale tenestetilbodet og frivillige lag og organisasjonar	
	Sikra alle barn og unge aktivitetskort	2025
	Implementere nasjonale rammeplanen for SFO for å gi eit likeverdig tilbod i SFO	2022
	Barn og unge vert involverte og har medverknad i saker som gjeld dei i kommunen	2021
Likeverdig tilbod til ungdomsklubb	Likeverdig tilbod til ungdomsklubb	Oppstart 2023
	○ Etablere eit tilbod knytt opp mot kvar av ungdomsskulane i kommunen.	
	○ Vidareutvikla ungdomstilbodet med grunnlag i kultur- og fritidsplanen.	
	○ Arbeida for «køyr meg til- og frå buss» frå dei ulike bygdene i kommunen. Sjå til Odda.	
	○ Sikre tilfredsstillande bemanning til å gjere ungdomsarenaer til ein trygg stad for ungdomar.	
Tilbod i kulturskulen	Sikra alle barn og unge som ynskjer det eit tilbod i kulturskulen <ul style="list-style-type: none"> ○ Sikra god informasjon om redusert/gratisplass (deltaking ved låg inntekt) og retningslinjer (kriterium) for tildeling av redusert-/gratisplass. ○ Samarbeid mellom skule og kulturskule om bruk av kompetanse og tilbod til dei yngste borna på heildagsskulen. 	2022

Tiltak for gode oppvekstkår – Fullverdig liv

Kva kan barn, unge og familiar forventa i Kvinnherad

Henta frå Oppvekstkår temaplan;

Barnehagane og skulane inkluderer alle og er tilrettelagt og tilpassa for alle barn og unge.

Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø fagleg og sosialt.

Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt.

Alle barn og unge opplever å vera del av eit sosialt fellesskap.

Å ha funksjonsnedsetting er ikkje til hinder for deltaking i samfunnet.

Alle kommunale bygg og leikeområde har ei universell tilrettelegging som sikrar at barn og unge kan delta i sosiale samanhengar og vere ein del av fellesskapet.

Målsetjing og tiltak

Innsats område	Tiltak	Tid
Tidleg innsats og koordinert oppfølging	Ved hjelp av verktøyet BTI, sikra tidleg innsats og koordinert oppfølging når barn og unge viser teikn til forseinka eller avvikande utvikling. Leggja til rette for god medverknad frå føresette og barn	2021
God habilitering	Utarbeida god informasjon til føresette om rettar Etablera ansvarsgruppe tidleg (IP og Koordinator)	2021
	Gje tilbod om nok avlastning og vurderer om vedtaksmynde og gjennomføring må skje i same sektor	2021
	Sikre tettare og betre koordinert, kontinuerlig og tverrfagleg oppfølging av familiar med barn med omfattande hjelpebehov.	2021
	Sikra vidareføring og informasjon til føresette om følgjekort til barn som treng det	2022
Kompetanse	Sikra at tilsette har rett kompetanse og nok kompetanse om barn som treng ekstra tilrettelagt tilbod	2021
God omsorg ved alvorleg og fram-skridande sjukdom	Oppretta palliasjonsteam som skal sikra lindrande behandling til barn med alvorleg og framskridande sjukdom.	2022
	Gje naudsynt og god støtte og avlastning til føresette	2022
Individuell plan Koordinator	Sikra informasjon og kunnskap om IP/koordinator Sikra koordinatorar kompetanse på koordinering	2021
Gode avlastnings tilbod	Sikra tilbod om støttekontakt/ besøksfamilie.	2021
	Sikre gode og tilpassa avlastningstilbod basert på behovet til familien det gjeld	2021

Tiltak for gode oppvekstkår - Vern mot overgrep

Kva kan barn, unge og familiar forventa i Kvinnherad

Henta frå Oppvekstkår temaplan;

Kvinnherad kommune har tenestetilbod som sikrar førebygging og avdekking av vald og overgrep i nære relasjonar.

Barn og unge har kunnskap om vald og overgrep og set grenser for eigen kropp.

Kommunen har god kompetanse for å sikra at vald og overgrep i nære relasjonar blir avdekka. Barn som vert utsette for det, får god hjelp.

Konsultasjonstemaet for vald og seksuelle overgrep Kvinnherad/Hardanger har auka konsultasjonar og det er med å bidra til auka kompetanse i tenestetilbodet

Kommunen har ein kultur for at uro for barn vert avdekka tidleg. Dette vert målt ut frå alder på barnet ved første konsultasjon/melding, samt tid frå ei hending skjer til det vert avdekka.

Alle tenestene i sektoren, samt tannhelse- og legetenesta har stort fokus på temaet vald og overgrep. Det er ei haldning i heile organisasjonen om at barnet er i sentrum og barnet sitt beste kjem i første rekke. Dette fører til at det er lettare å dela uroa si med andre.

Målsetjing og tiltak

Innsats område	Nye tiltak	Tid
Kompetanse	Utarbeida kompetanseplan knytt til tenestetilbod for barn som er utsette for vald og/eller overgrep	2022
	Gjennomføra kunnskapsløft for tilsette som arbeider med barn og unge i Kvinnherad i samarbeid med nabokommunar.	
	Gjennomføra kunnskapsløft til frivillige lag og organisasjonar	
	Etablera interkommunal samarbeid med kompetanseperson – Vald og overgrep	
Inter-kommunalt samarbeid	Konsultasjonsteam Vald og overgrep	2022
Informasjon	Utarbeida kommunale strategiar for gjennomføring av informasjon om vald og overgrep til barn og unge i barnehage og skule	2021
	Utarbeida ein strategi for informasjon til frivillige lag og organisasjonar om vald og overgrep i nære relasjonar.	
	Laga informasjonsbrosjyre berekna på vaksne	
	Evaluera og revidera årleg kommunal rettleiar ved mistanke om vald og overgrep mot barn og unge.	
Planlegging	Utarbeida ein sektor-overgripande handlingsplan mot vald og overgrep i nære relasjonar.	2023